



Dovre Sel Lom Skjåk Vågå Lesja

Intensive lesekurs og klasselesekurs etter ALU-mal.

Intensive lesekurs er beskrevet i heftet frå 3. samling: Intensive lesekurs i praksis.

Vi arbeider for å få lagt ut alle desse hefta på PPTNG.no.

NB! Det finst mange former for lesekurs, men «Intensive lesekurs» skal gjennomførast på den måten som er beskrevet for å få kvaliteten i det.

Intensivt klasselesekurs:

Mange skular gjennomfører klasselesekurs i løpet av skuleåret.

Det som vert beskrevet her byggjer på Jørgen Frost si forskning og arbeid. Det har mange likskapar med «Intensive lesekurs», og derfor er det brukt same omgrep som det er vist til der.

I eit intensivt klasselesekurs deltek heile klassa/steget. Det er viktig med kartlegging før og etter klasselesekurset på same måte som ved intensive lesekurs med tanke på lesefart og leseforståing.

I eit intensivt lesekurs er det viktig at eleven og foreldre veit kvifor eleven er der, og kva som er målet. Dette er også viktig i klasselesekurs. Ein må skilje mellom mine mål og klassa sine mål. Døme kan vere å lese meir nøyaktig, å forstå tekst betre eller å auke lesefart. Evaluering av dette skjer gjennom kartlegging etter lesekurset.

Det er ynskjeleg med ei økt kvar dag gjennom veka på 45 min+.

Opplegget går over 8 veker.

Ein arbeider med same tekst gjennom heile veka.

Dei som meistrar lesing godt kan gå lei: Tenk alternative oppgåver.

Alle skal ha leselekkse gjennom heile veka, og ho kan gjerne veke ulik.

Opplegg gjennom veka:

Måndag: (A) Les gjennom felles tekst, gjerne fagtekst, saman med lærar (heilskap).

Korlese tekst.

Arbeide med ord som er vanskelege eller viktige.

Plukke ut 20 ord som blir lese fleire gonger kvar dag gjennom veka.

Kva er måla for arbeidet?

Tysdag: (B) Arbeide med ord i teksta (detaljer: språkleg medvit)

Lese tekst, gjerne korlese.

Lese dei 20 orda

Arbeide med oppgåver (Sjå «Spesialpedagogisk leseopplæring- en veileder» av Godøy og Monsrud.) Gjerne tilpassing ut frå behov.

Onsdag, torsdag: Som tysdag, men varier oppgåver.

Fredag: (C) Øve på lesing

Skrijving

Heimearbeid: Øve dei 20 orda (mogleg å tilpasse).

Lese i ei tilpassa bok eleven likar 30 minutt kvar dag. La gjerne eleven lese for foreldra sine også.

NB! Det er viktig å sjå mengda av heimearbeid i samanheng, og desse vekene er det lesekurset som er i fokus. Alle lærarar er leselærarar!